



Noregs vassdrags - og energidirektorat

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til detaljplan for spenningsoppgradering av eksisterande leidning Refsdal - Modalen i Vik, Vaksdal og Modalen kommunar

Statsforvaltaren legg til grunn at nye naturinngrep blir avgrensa så langt som råd, og at det blir teke omsyn til viktige naturverdiar under anleggsarbeidet.

Vi viser til høyringa av detaljplan for spenningsoppgradering av eksisterande leidning Refsdal – Modalen.

Høyringsdokumenta blei sendt oss 12. juni, med høyringsfrist 30. juni. I ein travel periode før sommarferien, har vi berre høve til ein summarisk gjennomgang av planen.

Våre merknader

Vi legg generelt til grunn at nye inngrep i naturmiljø og dyrka mark skal avgrensast så langt som råd, at alle tiltak får best mogleg landskapstilpassing, og at området blir stelt til etter moderne prinsipp. Dette inneber òg gode val av riggområde, og miljøtilpassa som vil gi lite synlege spor utover anleggsperioden. Viktig naturmiljø og raudlisteartar reknar vi med er sjekka ut i tilgjengelege databasar.

Inntrykket vårt av detaljplanen er at innspel vi gav i eit orienteringsmøte med Statnett tidlegare i prosessen, er følgde opp. Dette gjaldt omsyn som må takast til ein naturtypelokalitet, ein sterkt truga fugleart og villreinstamma i Stølsheimen. Det er viktig at dette blir følgd godt opp med entreprenør i anleggsfasen. Vi legg til grunn at det blir halde ein god dialog med villreininteressene, og representantar for eventuelle friluftssinteresser som kan bli direkte påverka av anleggsarbeidet.

Vi konstaterer at inngrep og aktivitet innan Stølsheimen landskapsområdet er avklara i dispensasjonsvedtak datert 9.6.2023.



Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Vik kommune
Modalen kommune
Vaksdal kommune

Postboks 7900
Postboks 134
Postboks 44
Konsul Jepsensgata 16

5020 BERGEN
6891 VIK I SOGN
5729 MODALEN
5722 DALEKVAM